



Vaksdal kommune

Til Vaksdal kommune v/kommunestyret

UTTALE TIL ÅRSREKNESKAP OG ÅRSMELDING FOR 2021

Kontrollutvalet har 18.05.2022 behandla årsrekneskapen og årsmeldinga for 2021 for Vaksdal kommune som er avgitt av kommunedirektør, samt tilhøyrande revisjonsmelding datert 05.04.2022.

Kommunen har i 2021 eit netto driftsresultat på kr 15 572 249. Revisor har, i revisjonsmeldinga, ikkje gitt merknadar til årsrekneskapen / årsmeldinga. Med grunnlag i kontrollutvalet sine kontrollaktivitetar retta mot økonomiforvaltninga, ei samla vurdering, tilrår derfor kontrollutvalet at årsrekneskap og årsmelding for 2021 blir godkjent slik det ligg føre.

Kontrollutvalet vil likevel gjere kommunestyret merksam på følgjande forhold:

- **Viktige nøkkeltal i årsrekneskapen:**

- Netto driftsresultat er på 3,36 % av driftsinntektene, tilrådinga frå TBU er minst 1,75 % og gjennomsnittet for kommunane i Noreg er på 4,30 %
- Gjeldsgrad er berekna til 100,7 % av driftsinntektene, Riksrevisjonen tilrår maks 75%
- Gjeldsbelastning er berekna til 8,42 % av driftsinntektene. Statsforvaltataren i Nordland tilrår at gjeldsgraden ikkje overstig 5 %
- Disposisjonsfondet er berekna til 21,8 % av driftsinntektene. Riksrevisjonen si tilråding er på minst 5%
- Likviditetsgrad 1 er på 5,59. Denne bør, iht økonomisk teori, vere på min. 2

Vaksdal kommune har eit positivt driftsresultat, som også ligg monaleg over tilrådinga frå TBU, men noko lågare enn gjennomsnittet for kommunane i landet. Disposisjonsfondet er langt høgare enn minimumstilrådingane frå Riksrevisjonen, og kommunen har sterkt likviditet. Kontrollutvalet merkar seg den høge lånegjelda til Vaksdal kommune, som har auka sterkt dei siste åra. Langsiktig gjeld ligg godt over Riksrevisjonen si tilråding.

- **Revisjonsrapport nr. 9 for rekneskapsåret 2021 frå Deloitte**

- Revisjonsrapport nr. 8 for 2020 frå Deloitte til kommunen skildrar resultatet av nokre utvalde rekneskapsområde der dei har kartlagt og testa vesentlege interne kontrollar. På bakgrunn av denne gjennomgangen har Deloitte kome med nokre tilrådingar til kommunen på forhold som bør og kan forbetra.

- **Deloitte har gjennomført etterlevingskontroll med økonomiforvaltning i Vaksdal kommune og konkluderer der mellom anna slik:**

«*Basert på dei utførte handlingane og innhenta bevis er vi ikkje blitt merksame på tilhøve som gjev oss grunn til å tru at Vaksdal kommune ikkje i det alt vesentlege har etterlevd bestemmelsane i kommunelova knytt til at kommunestyret skal vedta eit økonomireglement.*»

På bakgrunn av dette har kontrollutvalet slik oppsummering/tilrådingar:

- Kontrollutvalet er uroa for auken i Vaksdal kommune si langsiktige gjeld dei siste åra. Den ligg godt over Riksrevisjonen si tilråding. Den er i 2021 på 100,7 % iht. driftsinntektene, mens det er tilrådd at den ligger under 75 %. Tilsvarande tal i 2017 var på 46,7 %, 2018 på 58,0 %, 2019 på 90,1 % og i 2020 på 94,2 %.
- Det blir tilrådd at Vaksdal kommune prioriterer å setje fokus på forbettingsområda som kjem

fram i revisjonsrapport nr. 9 for rekneskapsåret 2021 frå Deloitte og resultat av etterlevingskontrollen med økonomiforvaltningen

- Revisor har gjennom sine kontollar ikkje avdekkja vesentlege svakheiter med den økonomiske internkontrollen
- Dei ikke-økonomiske krava i kommunelova § 14-7 c- e og i kommunelova § 25-2 er omtalt i årsmeldinga på ein tilfredsstillende måte
- Det er ikkje gjort tilstrekkeleg greie for arbeidsgjevar si aktivitetsplikt etter likestillings- og diskrimineringsloven § 26 i årsmeldinga, ref. kommunelova § 14-7 f

Ut over det som er nemnd i uttalen, og det som går fram av saksframlegget til kontrollutvalet i rekneskapsaka, samt revisjonsmeldinga av 05.04.2022 og revisjonsrapport nr. 9, datert 05.04.2022, har kontrollutvalet ikkje merknader til Vaksdal kommune sin årsrekneskap for 2021.

Kontrollutvalet i Vaksdal kommune 18. mai 2022

Vegar Sellevold

-Kontrollutvalsleiar-

Kopi:

Formannskapet